



MØTEBOK

SAK NR: 6/2024
SAKSBEHANDLER: Anne Frugård
Arkivnr.:

MØTEDATO: 26.02.2024
MØTESTED: Tingvang

SIGN: _____

Utskrift til:
Statskog SF
Øystre Slidre kommune

Høringsuttale om reviderte retningslinjer for deling av landbrukseiendom.

Saksdokumenter

- Forslag til reviderte retningslinjer for deling av landbrukseiendom for Øystre Slidre kommune ble 31.1.2024 sendt ut. Høringsfrist 14.03.2024

Saksopplysninger

Forslag til reviderte retningslinjer for deling av landbrukseiendom for Øystre Slidre kommune ble 31.1.2024 sendt ut med høringsfrist 14.03.2024 og er vedlagt saksdokumentet. En del av teksten har kommunen markert med gul overstryking, men det er ikke den delen av dokumentet som er viktig for Fjellstyrets høringsuttale.

Kommunen har lagt ut høringsnotatet på sine [hjemmesider](#).

Fjellstyrets høringsuttale

Det er positivt at kommunen reviderer retningslinjer for deling av landbrukseiendom.

Vi er kjent med at jordloven er kommunens viktigste lovverk i slike saker, men i og med at 57% av hele kommunens areal er statsallmenning mener vi likevel at det er naturlig at fjelloven blir nevnt i retningslinjene. De fleste stølsområdene ligger i statsallmenningen, og der har fjelloven et klart lovverk for behandling av stølssaker.

Alle saker som omhandler støler i statsallmenning, skal behandles av Fjellstyret etter reglene i Fjelloven. Delingssaker behandler Fjellstyret etter at saken er ferdig i jordskifteretten.

Fjellstyret ber kommunen legge godt til rette for at stølseiere får god informasjon om at Fjellstyret avgjør status til stølen etter en deling, og dette bør bli synlig i de reviderte retningslinjene.

Enstemmig.

Vedlegg:

Reviderte retningslinjer for deling av landbrukseigedom i Øystre Slidre kommune

Saksopplysningar

Det er jordlova og nasjonale føringar for deling av landbrukseigedom som skal ligge til grunn for dei kommunale retningslinjene, samstundes som at dei er tilpassa lokale forhold, bruksstrukturen i kommunen, noverande og framtidige utfordringar i landbruket, og framtidige målsetjingar for landbruket i kommunen. Retningslinjene skal vere eit verktøy for å sikre kommunen som ei landbrukskommune, og at jordressursar og stølstradisjonar skal ivaretakast.

Ved ei revisjon av retningslinjene er det viktig at faglag og fagmyndigheiter får uttale seg. Retningslinjene er derfor lagt ut på høyring. Endringar i høve gjeldande retningslinjer er utheva med kursiv skrift.

Reviderte retningslinjer for deling av landbrukseigedom i Øystre Slidre kommune:

1. Deling av landbrukseigedom (Jordlova § 12):

1.1: Ved deling av landbrukseigedom skal det leggast vekt på om delinga legg til rette for ein tenleg og variert bruksstruktur i landbruket. I vurderinga inngår mellom anna omsynet til vern av arealressursane, om delinga fører til ei driftsmessig god løysing, og om delinga kan føre til drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området.

I desse vurderingane skal kommunen ta omsyn til:

- Arealfordeling: dyrka og overflatedyrka jord, innmarksbeite, skog, utmark og eventuelle rettar.
- Alle bygningane på eigedommen
- Kvoter

Andre omsyn kan vektleggast dersom dei fell inn under formålet i jordlova § 12.

Når summen av ressursane på garden som blir søkt delt blir vurdert å gje grunnlag for økonomisk drift av eigedomen, skal delingar normalt nektast dersom 1.2 ikkje gjev grunnlag for deling.

1.2: Det skal leggast stor vekt på om ei deling av ein eigedom vil bidra til å styrke bruket eller bruka som skal overta areala gjennom å vurdere:

- Arronderingsgevinst
- I kva grad tilleggsarealet vil styrke grunnlaget for framtidig drift på bruket/bruka.
- Om det er aktiv landbruksdrift på kjøpareigedomen og planar for vidare drift

2. Kva kan delast frå

I Øystre Slidre er det fleire gardar som består av fleire matrikkeleiningar. For å dele desse landbrukseigedomane må eigar av garden søke om deling av heile landbrukseigedom, sjølv om det er separate gards- og bruksnummer. Ved frådelling av matrikkeleining som er så liten at den ikkje vil vere driveverdig åleine kan følgjande tillast:

- *Heile matrikkeleininga vert slått saman med nærliggande landbrukseigedom*
- *Tun kan frådelast til bustad, medan tilhøyrande jord og rettar blir overført til nærliggande landbrukseigedom. Ein landbrukseigedom kan består av mange tun, noko som gir ei stor bygningsmasse å vedlikehalde. Ved å legge inn ein føresetnad om deling av det eine tunet opnar dette opp for moglegheit for sal av bustadeigedom. Om delinga fører til at det blir fleire enn to bebygde tun, skal det eine tunet delast frå. Det frådelt tunet kan framleis vere på sama eigarhand, men det opnar også opp for sal av bustadtomt.*

Frådeling av kårhus: Frådeling av kårhus som ligg i nærleiken til tunet, i nærleiken av dyrka mark eller der tilkomstveg går gjennom gardstunet på eigedomen skal normalt ikkje godkjennast. Søknad om oppføring av ny kårbustad der tidlegare kårbustad er delt i frå, skal normalt ikkje tillatast.

Frådeling av tomter til bustadformål: I kjerneområde for landbruk skal det først ein streng jordvernpraksis. Bruk av dyrka eller dyrkbar mark til bustadformål skal normalt nektast. Dette gjeld også areal med høgt biologisk mangfald. Det same gjeld tomter som ligg på andre markslagstyper når vegen dit går gjennom gardstunet eller over dyrka eller dyrkbar mark, eller gir andre vesentlege drifts- og miljøulempar. Utanfor omsynssonene kan det gjevast løyve til frådeling av tomt til bustad dersom det ikkje fører til større negative konsekvensar for landbrukseigedommen og landbruket i området generelt. Tomtestorleiken skal normalt ikkje overstige 5 dekar.

Frådeling av tomter til fritidsformål: Tomter til fritidsformål blir normalt ikkje godkjent når det ikkje er i samsvar med planstatus. Det skal først ein streng dispensasjonspraksis. Tomtestorleiken skal normalt ikkje overstige 1 dekar.

Frådeling av festetomter: Om det ikkje fører til vesentlege driftsmessige ulemper og er i samsvar med planstatus kan oppretta festetomter, både til bustad og fritidsformål, delast i frå.

Frådeling av stølar: Øystre Slidre er ein aktiv stølskommune. Handsaming av delingssøknader skal bidra til å sikre kommunen som ein aktiv stølskommune, og det er ikkje ønskeleg at stølsлага skal utvikle seg til hyttegrender. Frådeling /omdisponering av stølsbygg til fritidshus skal difor handsamast restriktivt, spesielt ved høg kulturmiljøindeks og sentral plassering i stølslaget. Det skal vere strengt regulert i område med aktiv drift og beitedyr.

Stølar kan delast frå dersom frådelinga bidreg til sal av resten av gardsbruket eller at resten av gardsbruket vert lagd til landbrukseigedomar i aktiv drift og betrar ressursgrunnlaget for desse bruka. Når støl med bygningar og tun blir frådelt til fritidsføremål skal jorda leggest til eit stølsnabobruk. Ved frådeling til fritidsformål skal tomtestorleiken normalt ikkje kunne vera større enn 1 dekar. Den praktiske delinga skal utførast av Jordskifteretten. Held garden fram som sjølvstendig bruk blir det heller ikkje gitt løyve til frådeling av støl.

Vurdering

Retningslinjer skal vere eit forvaltningsverktøy som skal vere i tråd med gjeldande lover og forskrifter. I forvaltning av landbrukseigedom står jordlova sterkt. Når det kjem til deling av landbrukseigedom er det jordlova som er gjeldande, og dei lokale retningslinjene må vere i tråd med § 12.

Med dei foreslegne retningslinjene meiner kommunedirektøren at vi varetek prinsippa i jordlova § 12, samstundes som vi legg til rette for landbruksnæringa og møter dei endringane som har skjedd i landbruket dei siste åra i form av strengare krav og auka kostnader. Hovudformålet med retningslinjene er å bidra til å styrke landbruket gjennom å betre ressursgrunnlaget for landbrukseigedomar i aktiv drift. Retningslinjene kan også bidra til å redusere omfanget av leigejord og bidra til busetjing og landbruksdrift i heile kommunen. Praktisering av retningslinjene skal i minst mogleg grad skape nye konfliktar mellom landbruksdrift og andre.

Det er viktig at kommunen sin politikk på området gir landbruksnæringa rammevilkår slik at næringa kan møte utfordringane og endringane som kjem, samstundes som politikken bidreg til busetjing og næringsutvikling, og styrkar grunnlaget for skjøtsel av stølsarven og dei moglegheitene som ligg i fjell

og utmark, for å utøve eit mangfaldig, lønsamt og berekraftig landbruk. Ved revisjon av retningslinjene er det viktig at faglag og fagmyndigheiter får uttale seg. Kommunedirektøren tilrår difor at reviderte retningslinjer vert lagd ut på høyring og sendt over til aktuelle lag og myndigheiter.